

Årsmelding 2023

Sund sokn





ÅRSMELDING FRÅ SUND SOKNERÅD



Arne Bakke
Soknerådsleiar

Sund sokn sin visjon er framleis «Saman vil vi æra Gud og byggja kyrkjelyd, gjennom å feira gudsteneste, gje trusopplæring, fremja menneskeverd og visa Kristi sinnelag i møte med barn, unge, vaksne og eldre.»

Det betyr vel at vi må vere snille med kvarandre og vise respekt for kvarandre. Kvar og ein av oss er Guds barn og er like kjær og elska av Gud.

Soknerådet sitt hovedføremål finn vi i kyrkelova §9: «Soknerådet skal ha si merksemd henvendt på alt som kan gjerast for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt....»

Ny sokneprest og biskop

Etter «tunge» år førut med tilsette i kyrkjelyden som slutta, så var 2023 eit gledeleg år på mange måtar. Vi fekk endeleg ny prest på plass. Sokneprest Lars Arne Vik starta formelt i kyrkjelyden vår 1. februar. Den 5. februar var det innsetjingsgudsteneste. Då fekk sundsokningen ta han nærare i øyesyn og høyre han preike. Etterpå var det kykjekaffi, som seg hør og bør. Her blei den nye soknepresten ønskt varmt velkommen!

Soknerådet har som regel møte kva måned. I år har det vore mange høyringar som soknerådet har gitt sine innspel til. Vi har også fått ny biskop i Bjørvin, Ragnhild

Jepsen. Sokneråda i Bjørgvin hadde på førehand stemt inn sine kandidatar, men det er kyrkerådet som tilsett. Soknerådsleier var tilstades då den nye biskopen blei vigsla i Bergen Domkirke den 16.4.23.

Aktivitetar

Nytt av året er babysong. Dette er eit tilbod som kjem i tillegg til eksisterande aktivitetar som Stjernekor, Betweenkor, Betweenklubb, Myldredag m.m. Boost satt på vent ei stund, men har no blitt til ein ungdomsklubb på enkelte fredagar i månaden.

Til alle aktivitetstilboda så treng vi både frivillige hjelparar og økonomi. Derfor har soknerådet i Sund i lag med alle soknerådet i soknet hatt ein felles kampanje for å få faste gjevarar i soknet. Det gav ikkje så mange faste gjevarar som ønska, men det er ikkje for seint endå. Gå inn på kyrkja.no/sund og klikk deg inn på «gjevarteneste».

Også i år var vi med på Aksjon godhet. Dette gjekk av stabelen i tre dagar i slutten av mai. Her tilbyr vi hjelp til småting som husmaling, plenklipping, baking, hagrydding m.m. Vi hadde to innmeldte oppdrag i år. I tillegg til hjelpeoppdrag så delte vi ut boller til mange sundsokninger. Vi blir tatt vennlig i mot! Vi treng fleire hjelpere her og.

Nytt av året er også konfirmasjonsjubileum. For første gang i Sund (etter min viten) så var 50-årskonfirmantene invitert til gudsteneste og kykjekaffi.

Sund sokneblad

Sundsokningen har kanskje fått med seg at Sund Sokneblad er historie. I 2023 kom det ut to nummer, og så var det slutt. Framtida no er eit felles blad for alle fem sokna i Øygarden kommune. Bladet heiter «Himmel&hav» og er eit informasjonsmagasin frå Den norske kyrkja i Øygarden. Heldigvis så har vi fått vår mangeårige redaktør av Sund sokneblad, Olai Otterå, til å vere med i redaksjonen i det nye bladet.



Olai Otterå har vore trufast redaktør for Sund sokneblad.

Sund sokneråd

Soknerådet hadde i underkant 100 saker på agendaen i fjor. Nokre saker er gjengangarar på møta, men vi opplever at møta er konstruktive og at det er godt samarbeid i rådet.

Mykje av tida både på møtet og på fritida har gått med til kyrkjevalet dette året. Valgkomiteen gjorde ein framifrå jobb og fekk på plass 13 kandidater som stod på valg. Soknemøtet vedtok 26.03.23 at soknerådet skulle reduserast frå 8 til 6 medlemmer. Tanken var å «frigjere» personer til anna arbeid. Så er det opp til soknerådet å vurdere om dette er ein god endring eller om vi bør reversere den. Etter valet i september består Sund sokneråd av følgjande medlemmer:

- Arne Bakke, leiar
- Øygunn Skodvin Prestegård, nestleiar
- Anne Grete Hareide, representant i fellesrådet
- Jan Tveit

- Fredrik Andreas Mortensen
- Karen Helene Boga
- Sokneprest Lars Arne Vik

Varamedlemmer: Olaug Glesnes, Oddbjørg Norunn Heimark, Minda Valborg Olsen, Wenche Selstø og Berit Marie Nygård

Frivillige

I juni 2023 hadde vi den årlege festen for frivillige. Det vart servert lapskaus, kake og kaffi. På denne festen blei det utdelt eit spørreskjema om det frivillige arbeidet i kyrkja. Det gjekk på trivsel i kyrkja, trivsel med oppgåvene og om det var noko som ikkje var så bra.

Heldigvis så var dei fleste fornøgde, både med oppgåva og med medspelarar. Soknerådet vil likevel gjennomgå tilbakemeldingane for å sjå om noko skal endrast. Deltakarane på festen fekk spørsmål om dei fortsatt ville ha denne samlinga og her kom eit rungene JA!

Soknerådet ynskjer fortsatt ein fast frivilligkoordinator, men har ikkje heilt landa på kva oppgåver denne personen vil få og kor mykje tid vi har «råd» til.

Vårmarknad og julemesse

Sist, men ikkje minst, vi må ikkje gløyma dei flotte komitéane våre som jobber kvart år med innsamling av pengar til kyrkja. Eg tenkjer sjølvsagt på Julemessekomitéen og Vårmarknadskomiteen! Ja, det er nesten som det går på autopilot. Nokre damer snakker i lag og vips så er både julemesse og vårmarknad i gang.

Vårmarknaden på Kausland i april gav 72.276 kroner, og skal brukast til gardiner m.m i kyrkjelydshuset på Kausland. Julemessa i Klockarvik i november gav over 90 tusen kroner som skal bli brukt til kyrkjelydsarbeidet. Soknerådet vil rette ein STOR TAKK til kvar og ein i desse komitéane. Vi er så takknemlig og glad for dette arbeidet de gjer og den verdien de tilfører kyrkja.

Avslutningsvis vil vi seie at det er mange oppgåver som trengs å gjennomførast, så vi treng stadig fleire frivillige. Kunne DU tenkje deg å vere med å bidra? Mottotet må vere at ingen kan gjere alt, men alle kan gjere pitte litt.

Takk!

Sist, men dog ikkje mindre viktig! Soknerådet vil rette ei STOR TAKK til kvar og ein av den enskilte tilsette, som yter sitt beste både på dag- og kveldstid for kyrkja vår. Ei stor takk også til alle våre frivillige hjelparar for flott innsats og gode bidrag. Ei takk også til DEG som gir oss støtte gjennom året, med gevinstar til julemesse og vårmarknad og med pengeoffer og gåver.



Foto: Fredrik Mortensen

ÅRSMELDING FRÅ SOKNEPRESTEN



Lars Arne Vik
Sokneprest

2023 var prega av skifte i mannskap i Sund sokn, mellom anna nye sokneprest. Lars Arne Vik byrja i februar og har nytta året til å verta kjend med kyrkjelyden, tillitsvalde, frivilljuge og andre tilsette.

Soknepresten set opp gudstenestelistene som soknerådet vedtek, etter biskopen si forordning. Gjennom

året har det vore arbeidd med dei såkalla andredagane og andre raude dagar som ikkje er søndagar gjennom året. Skal vi ha gudsteneste på alle raude dagar? Er det naturleg å ha gudstenester andre stader enn i Kausland kyrkje og Sund kyrkje? Julia 2023 var det felles gudsteneste på juledag for alle i Sund i Sund kyrkje og ikkje gudsteneste i Sund sokn andre juledag.

Eit anna spørsmål er om utgangspunktet er ein kyrkjelyd med to kyrkjebygg eller to kyrkjelydar med kvar sitt kyrkjebygg, når vi er så heldige at vi har to kyrkjer i vårt eine sokn. Skal vi dela ut bøker til ein årsklasse i ei kyrkje eller i begge kyrkjene, er ei aktuell spørsmålsstilling.

Mange er glade i gudstenestene. Mange frivilljuge medarbeidarar stiller opp. God kyrjekaffi dreg menneske til gudstenestene, det er kjekt å ha høve til å slå av ein prat etter sjølve gudstenesta. Ei utfordring er å involvera nye grupper i gudstenestene, slik at fleire kan få eigarskap og kjenna gleda i å ta del. Dette året har det vore konfirmantjubileum for femtiårskonfirmantane, for framtida kan vi og inkludera spreke seksti- og syttiårskonfirmantar i desse jubilea.

I sommarmånadane vart det arrangert sommarkonsert i Sund kyrkje. Sommartida er ei god tid for konsertar og andre samlingar.


Gjennom året har det vore kontakt både med BCC og DELK, med BCC-tillitsvalde og med DELK med dei to prestane som kjem til kyrkja i Håkonsund og har gudstenester. Om det ikkje er aktuelt med felles gudsteneste, er det godt snakka saman over eit godt måltid mat og be saman.

Det er godt å vera sokneprest i Sund sokn. Her er tilsette som verkeleg vil noko. Her er tillitsvalde som er dedikerte for oppgåvene. Her er frivilljuge som glade brettar opp armene og tek i eit tak, når det er nødvendig.

Sund sokn er eitt av fem sokn i fellesrådsområde til Øygarden kyrkjelege fellesråd. Ikkje minst i høve til ulike diakonale tiltak er det nødvendig å tenkja gjennom kva Sund sokn gjer i Sund sokn for dei som bur i Sund sokn, og kva Sund sokn gjer saman med andre sokn for dei i Sund sokn og dei som høyrer til andre sokn. No er det nokre diakonale tiltak. Og så er det råd å tenkja felles gudstenester, felles konsertar, felles lågterskeltilbod for ulike grupper.

Som sokneprest møter eg menneske i glede og sorg, i kvardagar og i kriser, når dei er i sine første leveår og når dei er i sine siste. Det er ei glede å vera tilsett i Den norske kyrkja for å møta menneska der dei er og dela evangeliet om vår Herre Jesus Kristus med dei som vil høyra.

STATISTIKK



Pr. 31.12.2023 er det **5136** medlemmer i Sund sokn.



ÅRSMELDING FRÅ KYRKJELYDSPEDAGOGEN



Katrin Fischer
Kyrkjelydspedagog

Kjære kyrkjelyd

Årsmeldinga mi skal gje informasjon om kva som har skjedd i Sund sokn siste året innan trusopplæring og kyrkjelydspedagogikk. Men først vil eg svare på eit ofte stilt spørsmål: «Kva jobbar du med? Kva er ein kyrkjelydspedagog?» Kyrkjelydspedagog er ein profesjon på bachelornivå og

studia inneheld relevant pedagogikk/formidlingsfag og kristendomskunnskap. Kyrkjelydspedagog gjennomfører trusopplæring og pedagogisk verksemd. Arbeidsoppgåver rettar seg etter kyrkjelyden sine ønske, målsetjingar og ressursar. I Sund sokn har trusopplæring hovudfokus på barn, unge og konfirmantar. Eg er ansvarleg for å planleggje og gjennomføre trusopplæring for alle i alderen frå 0 til 100+.

Aktivitetar

I 2023 kunne vi tilby 15 ulike aktivitetar. Eit godt eksempel er det populære tiltaket LysVaken for 12-åringane. I 2023 deltok 17 barn på LysVaken. Mi oppgåve som kyrkjelydspedagog er å planleggje og gjennomføre LysVaken med overnatting i kyrkja slik at det blir ei flott oppleving for alle deltakarane og frivillige medarbeidarar, og at foreldre trygt kan overlate barna sine til oss. Å møte barn og ungdom er den største glede for ein

kyrkjelydspedagog. Om det er babyane på babysong, konfirmantar eller unge vaksne; det er ei velsigning å få lov å bidra med tid og rom der alle kan føle seg trygge og få moglegheit til å blomstre.

Babysong

I 2023 var eg så heldig å møte 19 babyar med mammaen eller pappaen sin på babysong i Kausland og Sund kyrkjer. Saman med organisten kunne vi opne to kurs. No jobbar eg vidare for å få på plass eit stabilt tilbod med babysong i Sund sokn.

Levande kyrkjelyd

Alle som kjem, fyller kyrkjene våre med liv og bidrar til at vi er ein levande kyrkjelyd. Eg prøver å bidra til at alle skal føle seg velkomen. Alle barn, barn med familien eller barn frå barnehagar og skular skal bli kjent med kyrkja, med kyrkjelyden og med vår kristne tru på ein lett forståeleg og livsnær måte.

Vandringar

Ein god tradisjon i Sund sokn er krybbevandringa og påskevandringa med barnehagebarn. Heile teamet i Sund sokn, med prest, organist, diakon og trusopplærar stiller opp. I 2023 deltok mange barnehagebarn frå 2 til 5 år (heile 95% av 5-åringar i Sund) i krybbevandringa. Alle barn vandrar i forkledning som engel, hyrde,





vismann eller Maria og Josef, frå Nasaret til krybba i Betlehem. Der leggjer kvart barn eit hjarte i krybba. Det er desse flinke barnehagebarna som lagar dei fine hjarta som du alltid kan sjå bak alteret i Sund kyrkje og rundt preikestolen i Kausland kyrkje. Påskevandringa er retta mot førskulebarn, men også yngre barn deltek. I 2023 var 92 barn med og opplevde Jesu historia i fem stasjonar. Vi avsluttar alltid påskevandringa med feiring av Jesu oppstode. Når du ser mange fine sjølv laga blomar i kyrkja rundt påske, veit du at det var barna som laga dei med kjærleik. Både etter krybbevandringa og etter påskevandringa kan barna forsyne seg med bollar/kjeks og saft.

Konfirmanttida

Frå du er nyfødd til du er 21 år går du stadig gjennom utvikling; fysisk, mentalt, kognitivt og sosialt, frå totalt avhengigheit til å vere fullt ansvarleg for ditt eige liv. Dei fleste av oss vil hugse konfirmanttida som den mest fargerike og utfordrande tida i livet. I denne tida ønskjer trusopplæring å hjelpe ungdommar å finne svar på spørsmål til livet og trua, og rettleie til eit liv i kristen tru. Kyrkjelyden og kyrkjelydspedagogen leggjer til rette for at konfirmantane føler seg velkomen og anerkjent.

I 2023 vart 61 ungdommar konfirmert. I ein Kristuskransmusikal presenterte konfirmantane læringsutbytte

av undervisninga og deltaking i kyrkjelyden. Samstundes vart det tydeleg at konfirmantane i Sund sokn er talentfulle og omsorgsfulle ovanfor kvarandre.

Konfirmantakullet 2023/2024 (76 konfirmantar, 97% av dei er døypte) starta med eit nytt opplegg. Ved frontalundervisning skjer opplæring no også via forpliktande deltaking og samarbeid, bestående av aktivitetar. Opplegget er framleis under utvikling, men vil halde fram med eit forbetra tilbod for konfirmantar i 2024/2025.

Anna

Blant fleire andre aktive tiltak er ranselbøn, utdeling av 4-årsbok (14 barn) og teikneseriebibel til 10-åringar (16 barn), filmvisning for ungdommar og tur til DNS med ungdommar på 15 pluss.

Så skjer det mykje i det skjulte. Sidan eg byrja i august 2022 står revidering av trusopplæringsplanen på agendaen. Trusopplæring er berre mogleg i samarbeid med alle tilsette i Sund sokn, men heilt umogleg utan alle aktive medlemmar. Den viktigaste støttespelar for meg er og blir kyrkjelyden sine heltar – dei frivillige. Eg takkar dykk for den gode støtta, for innsatsen til kvar enkelt, tilbakemeldingar og innspel. De gjer det mogleg at alle i Sund sokn har ein heim i Guds hus og kan oppleve Guds nærleik og kjærleik.



ÅRSMELDING FRÅ DIAKONEN



Torunn N. Utvær
Diakon

Ole Kristian Hamre starta opp som vikar for diakoniarbeidar i 30 % stilling frå februar. I september ble Torunn Nateland Utvær tilsett i fast stilling som diakon.

Frivilligfest

I juni var det fest for alle frivillige i Sund sokn. Det vart servert god mat og koret "Fjell Vocalis" serverte vakker musikk. Anne Merete Flekstad Vik heldt ein flott appell. Vi er takksam for og glad i alle frivillige i kyrkja vår. Difor er det ekstra kjekt å ha frivilligfest.

Betweenklubb møtast ein gong i månaden til fellesskap i måltid, leik og andakt. Vi ser gleda det er for mange at ein kan samlast i kyrkja for å ha det kjekt ilag. Vi er veldig glad for dei frivillige som er med og bidreg til at barn og ungdom får føde i fysisk og andeleg forstand. Frå litt utpå hausten er vi heldig å ha med oss konfirmantar som er med på det sosiale og får ulike oppgaver. Det er veldig kjekt.

Myldredag

Fellesskapa med alle generasjonar på myldredag i Sund og Kausland er verdifullt. Vi er heldige å ha flotte frivillige som er med og lagar god mat, noko vi ser er til stor glede for små og store. Så er vi heldige å ha med oss gode konfirmantar her også.

Strikkekafeen har vore ein sosial samlingsstad som er open for alle. Eit tilbod med kaffikopp/tekopp, litt å bite i og plass for den uformelle samtalen. Her er det lav terskel og ope for alle. Via strikkekafeen kjem det inn bidrag både til julemesse og vårmarknad.

Vårmarknad og julemesse

Vårmarknad i Kausland kyrkjelydshus og julemesse i kyrkjekjellaren i Sund. Det har vore stort engasjement og ein enorm innsats frå frivillige både i forkant og under arrangementa. Det er mykje folk og høge summar som blir samla inn.

Småfelleskapa er leia av frivillige og er viktig for å ta vare på den enkelte. Her får ein dele og oppmuntra kvarandre.

Føremiddagstreffa i Sund og Kausland er drive av frivillige. Frå hausten har diakonen vore med og teke ansvar for treffa saman med ein frivillig. Samlinga er ein onsdag i månaden med god lunsj, song og foredrag av ulike aktørar med oppbyggjelege og varierte tema. Målgruppa er pensjonistar og vaksne som har fri på føremiddagen.

Sorgarbeid

Både samtalar med enkeltpersonar og arrangement er viktig i sorgarbeidet. I år arrangerte vi ein felles sorgkveld i Foldnes kyrkje for alle sokna. Sølvi Hopland heldt foredrag og bidrog med song. Vi har også eit kontinuerleg tilbod om sorggruppe på Straume som er felles for alle sokna.

Helgemessesøndag hadde vi gudsteneste der vi tente lys for alle som var gravlagd siste året. Alle pårørande var spesielt invitert. Same kveld var det Open kyrkje i Kausland der ein kunne tenne lys, be og sitte i

stillhet. Laurdagen var diakonutvalet på Sund senter og delte ut lys.

Diakon og andre i staben har også hatt ein del samtalar/ sjelesorg på kontor og på heimebesøk.

Bønerabeid

Mange har bøn på hjarta. I Kausland kyrkje det er bøn ein onsdag kveld i månaden som er ope for alle. Elles er det fleire som ber saman, både i småfelleskapa og i andre fellesskap.

Kyrjekaffien er høgt prioritert etter gudstenestene. Her er mange frivillige som gjer i stand og vaskar opp, lagar mykje god kaffi og kaker. Vi andre kan berre koma å nytta det og får god tid til å byggje relasjonar og møte nye.

Kvar månad er det nokon som steikjer lappar og leverer til Røde kors tunet som ei oppmuntring til dei som bur der.

Livets lys er eit tilbod til utviklingshemma i alle aldrar i heile kommunen med samling i Foldnes kyrkje ein fredag i månaden.



ÅRSMELDING FOR MUSIKK



Mathilde Dale Løvfall
Seksjonsleiar
kyrkjemusikk

Det har vore mykje aktivitet i Sund sokn i 2023. Det kyrkje-musikalske arbeidet i soknet har blant anna vore prega av gudstenester, gravferder, vigslar, institusjonsandaktar, konsertar, salmekveldar, samarbeid med Stjerne- og Betweeneskor, samt medverking frå ulike musikkaktørar som solistar, songgrupper, kor, instrumentalistar og andre musikarar.

Viktige Hendingar i 2023

- Stjerne- og Betweeneskor-øvingar
- Sommarkonsertar
- Ungdomskonsert «HalloVenn»
- Vandreteater
- Julekonsertar

Stjerne- og Betweeneskor

Stjerne- og Betweeneskor har øvingar i Sund kyrkje annankvar tysdag. Dei er også med å syng på ulike

arrangement ila. året. Vi er så heldig å ha Hanne Kathrine Boga som dirigent for Stjerne- og Betweeneskor! Ho er spesialpedagog/musikkterapeut ved Stranda skule og gjer ein fantastisk jobb som dirigent. Kantor og diakon i Sund er også med på korøvingar.

Konsertar

Sokneprest Lars Arne Vik tok initiativ til sommarkonsertar. Den første var i Kausland kyrkje, med sokneprestane Lars Arne Vik og Per Hjemdal og kantor Irina Tarasova. Den andre var i Sund kyrkje og var ein orgel- og fiolinkonsert med Solveig Karoline Flekstad Vik og Andreas Block Laberg.

Vandreteater – Biblioteket 200 år

I samband med at biblioteket i Sund var hundre år, vart det arrangert vandreteater i og rundt Sund kyrkje i regi av ulike aktørar, eit poplært arrangement som samla mange.

Julekonsertar

Det er mange som ynskjer å leige Sund kyrkje til julekonsertar og året 2023 var eit godt konsert år for Sund sokn. Det er kjekt at så mange ønskjer å halde konsert i Sund kyrkje.





Konsertar og musikkarrangement i kyrkjene

Interne konsertar

- 18. februar – klassisk kveld med Bach, Mozart og Beethoven m/ kantor Irina Tarasova
- 30. mars – Salmekveld med Lina Sandell-salmer
- 7. april – Open kyrkje
- 28. juni – Sommarkonsert
- 9. august – Sommarkonsert
- 31. november – Hallovennkonsert
- 29. november – Lyse tonar i mørke november
- 17. desember – Vi syng jula inn i Kausland kyrkje

Eksterne konsertar

- 24. april – Vårkonsert med Sund blandakor «Fred/ frihet»
- 2. september – Vandreteater Biblioteket 200 år
- 10. september – Olavsljoset-konsert
- 28. september – Vokalkonsert for den blå planet m/ Bodil Lunde Rørtveit
- 27. november – Førjuls-konsert med Kor Gøy
- 4. desember – Julekonsert med Øysong
- 10. desember – Julekonsert Country Christmas
- 11. desember – Julekonsert med Sund blandakor
- 16. desember – En annerledes julekonsert
- 17. desember – julekonsert m/ Anita Heggholmen og fleire

Medarbeidarane i Sund sokneteam:

Medarbeidar	Stilling
Lars Arne Vik	Sokneprest
Tove Olene Foss Solvang	Soknetamleiar/ administrasjonskonsulent
Katrin Fischer	Kyrkjelydspedagog
Ole Kristian Hamre	Kyrkjelydsarbeidar/ diakonmedarbeidar
Torunn Nateland Utvær	Diakon
Marija Bernottaite	Organist
Kathrine Beate Solheim	Kyrkjegardsarbeidar/ kyrkjetenar
Mari Hatlelid Nausheller	Helgekyrkjetenar
Bjarne Dåvøy Børnes	Helgekyrkjetenar

Årsrekneskap for Sund sokneråd 2023

Samla utgifter utgjer kr 516.070 og samla inntekter utgjer kr 516.070. Avsetnad til disposisjonsfond er gjort i tråd med budsjett og rekneskapsforskrift. Økonomisk har det soleis vore eit godt år for Sund sokneråd.

Sund sokneråd har gjevarteneste: Kyrkjelydsarbeid og barne- og familiearbeid. Her er det samla inn kr 47.850 i 2023.

Sund sokneråd samla inn kr 62.488 på Julemessa i 2023. Pengane skal brukast til kyrkjelydsarbeid. Sund sokneråd samla inn kr 72.276 på vårmarknad i 2023. Pengane skal brukast til ny dør og gardiner i kyrkjelyds huset.

Vi vil rette ein stor TAKK til alle som har støtta Sund sokneråd på mange ulike måtar i 2023.

